



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato  
18.08.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/10702  
Dykkar referanse

Etter liste

### Løyve til felling av ein jerv i Odda kommune

Vi viser til felles søknad frå Hordaland, Rogaland og Telemark sau og geit om løyve til felling av ein jerv i grenseområdet mellom dei tre fylka. Søknaden er datert 15. august 2016.

Fylkesmannen i Hordaland handsamar berre den delen av søknaden som gjeld felling av jerv i Hordaland fylke.

#### Vedtak

Det regionale fellingslaget for rovvilt i Hordaland får løyve til skadefelling av ein jerv i Odda kommune. Løyvet gjeld i perioden 19. august til og med 4. september.

Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvalting av rovvilt § 9, jf. øg §§ 1 og 3. Det er knyttt vilkår til løyvet.

#### Bakgrunn

Søknaden er fremma på bakgrunn av dokumenterte tap av sau til jerv i Valldalen i Odda kommune. Statens naturoppsyn var på plassen 12. august og undersøkte sju kadaver som blei vurdert som dokumentert drepne av jerv.

I 2015 var det tap av sau til jerv i same område, med 22 kadaver dokumentert og 2 antatt drepne av jerv i Sveigen, Trossovdalen og Slettedalen.

For å førebygge tap under årets beitesesong felte Statens naturoppsyn ein jerv ved Hadlaskard i Ullensvang den 11. april 2016. Dei følgde då spor etter to jervar frå Songa i Telemark og inn i Hordaland. Jerven som vart felt hadde skadar som truleg stamma frå kamp med ein annan jerv.

Området har stor betyding som beiteområde og det er fleire aktive beitelag i Valldalen og i dalfora mot nord og aust. I følgje data frå organisert beitebruk vart det i 2015 sleppt nærmare 3900 sauer og lam på beite mellom beitelaga Skjold, Tjødnastøl, og Kjømberget og Tungevad.

Hordaland Sau og Geit har opplyst at det vil bli gjennomført utvida tilsyn og tidleg sanking i området.

## **Juridisk grunnlag og politiske føringer**

Dei rettslege rammene for avgjerala er naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og §§ 77, jf. rovviltnemnden § 9, jf. og §§ 1, 3 og 8.

Naturmangfaldlova første ledd bokstav b opnar for uttak av vilt for å hindre skade på bufe. Naturmangfaldlova § 77, jf. rovviltnemnden § 9 gir Fylkesmannen mynde til å fatte vedtak om skadefelling av jerv for å hindre framtidig skade. Uttak må skje innanfor rammene fastsett i naturmangfaldlova § 5 og rovviltnemnden § 1-9.

Naturmangfaldlova § 5 seier at artane og deira genetiske mangfold skal bli ivaretatt på lang sikt og at dei skal kunne finnast i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Rovvilstforskrifta konkretiserer dette for rovvilt gjennom å definere nasjonale bestandsmål, legge opp til geografisk differensiert forvalting og opne for avveging mellom rovvilt og andre viktige samfunnsinteresser, jf. §§ 1 og 3 og naturmangfaldlova § 14. Hordaland høyrer saman med Sogn og Fjordane, Rogaland og Vest Agder til region 1 der beitedyr skal ha prioritet.

Det er bestemt at soneinndelinga skal praktiserast tydeleg, jf. rovviltnemnden punkt 2.2.19. Dette er ytterligare presisert i brev frå klima- og miljøministeren til fylkesmennene og rovviltnemndene 28. april 2014. Her står det at det skal vere låg terskel for felling av rovvilt i prioriterte beiteområde der rovdyr har gjort skade eller kan rekne med at dei vil gjere skade. I forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 har rovviltnemnden lagt opp til at felling skal vere det viktigaste førebyggande tiltaket for å redusere skade på bufe til eit minimum. Fylkesmannen skal vektlegge føringane i den regionale forvaltingsplanen under handsaming av skadefellingssøknadar, jf. rovviltnemnden § 9.

Skadefelling på vilkår etter § 9 i rovviltnemnden kan skje innanfor ei kvote fastsett av den regionale rovviltnemnden, jf. § 8. Kvoten for skadefelling på vilkår av jerv i perioden 1. juni 2016 til og med 15. februar 2017 er sett til åtte dyr.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal alltid vurderast ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, jf. § 7.

## **Fylkesmannen si vurdering**

Kunnskap om jerv frå Rovdata sitt nasjonale overvakningsprogram, dialog med Statens naturopsyn, Forvaltingsplanen for rovvilt i region 1 og tapshistorikken i området legg til grunn for avgjerala, jf. naturmangfaldlova § 8.

Det nasjonale bestandsmålet er på 39 ungetall av jerv og så langt i år er det meldt om 45 registrerte ungetall i Noreg. Bestandsmålet for jerv er nådd kvart år sidan 2003. I region 1 er det ikkje mål om årlege ungetall av jerv.

Den skandinaviske jervepopulasjonen er tredelt og vår region høyrer til ein sørvestleg bestanden med tyngdepunkt ved Snøhetta og kringliggjande fjellområde. Oppland fylke høyrer til region 3 som har mål om 4 årlege ungetall av jerv. Jervesonen ligg nord i Oppland og grensar til region 1 ved Indre Sogn. Det opptrer difor jamleg jerv i region 1, for det aller meste i Sogn og Fjordane. Så langt sør som Hordaland og Hardangervidda er det berre sporadisk førekommst av jerv. Vi veit at eitt individ har hatt tilhald rundt Hardangervidda i fleire år og det vart tidlegare i år påvist to ulike hannar gjennom DNA-prøver. Den eine vart felt av Statens naturopsyn i 11. april og hadde då skadar frå kamp med ein annan jerv.

Sjølv om ein må rekne med at det vil vere streifande rovdyr i Hordaland har rovviltnemnda gjennom gjeldande forvaltingsplan ei målsetting om at det ikkje skal vere skadegjerande rovpattedyr i regionen. Uttak av eitt streifdyr i Hordaland vil etter vår vurdering ha liten påverknad på det nasjonale bestandsmålet og vil ikkje true bestanden si overleving, jf. § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og samla belastning. Vi meiner at vi har god kunnskap om effektane av eit eventuelt uttak, og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er difor tillagt liten vekt.

Skadefelling kan berre settast i verk dersom det ikkje finst andre tilfredsstillande løysingar ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvalting, jf. rovviltnemnda § 9. Området sin verdi som beitemark, omfanget og utvikling av skadane, potensialet for framtidige skadar og moglegheita for å gjennomføre førebyggande tiltak vert vurdert spesielt.

Området er eit viktig beiteområde og det er fleire aktive beitelag i Valldalen og i dalføra mot nord og aust. I følgje data frå organisert beitebruk vart det i 2015 sleppt nærmare 3900 sauер og lam på beite mellom beitelaga Skjold, Tjødnastøl, og Kjørnberget og Tungevad.

Den 11. og 12. august vart det funne sju kadaver som Statens naturoppsyn vurderte som dokumentert drepne av jerv. På grunn av den store mengda dyr som går i området og historikken med dokumenterte tap til jerv i same område to år på rad, vurderer vi det som sannsynleg at det kan oppstå fleire tap i området.

Hordaland Sau og Geit har meldt frå om at beitelaga har intensivert tilsyn i perioden og at dei vil gjennomføre tidlegare sinking enn opphavleg planlagt. Hovudsankedato i området blir no helga 3. og 4. september. Rovviltnemnda har lagt opp til låg terskel for uttak av skadegjerande rovdyr i region 1 og vår vurdering er difor at skadefelling er eit riktig virkemiddel sett i lys av prinsippet om geografisk differensiert forvalting. Av same grunn legg vi liten vekt på § 12 i naturmangfaldlova om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vi vurderer naturmangfaldlova § 11 som seier at kostnadane ved miljøøydelegging skal berast av tiltakshavar, som lite relevant i denne samanheng.

Etter ei samla vurdering meiner vi at vilkåra for å gi løyve til skadefelling av ein jerv i Odda kommune er til stades.

## Vedtak

Det regionale fellingslaget for rovviltnemnda i Hordaland får løyve til skadefelling av ein jerv i Odda kommune. Løyvet gjeld i perioden 19. august til og med 4. september.

Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvalting av rovviltnemnda § 9, jf. òg §§ 1 og 3. Det er knyttt vilkår til løyvet.

Følgjande vilkår er knytt til løyvet:

1. Tillate område for felling er Odda kommune aust for Røldal, aust for Reinsnosvatnet, søraust for Breivatnet og Ullensvang herad sør for Kvennsjøen inn til fylkesgrensene mot Rogaland og Telemark.
2. Skadefellingsforsøket skal rettast mot skadegjerande individ. Dersom det er mistanke om yngling skal Statens naturopsyn og Fylkesmannen kontaktast snarast.
3. Det regionale fellingslaget for rovvilt i Hordaland er ansvarlege for fellingsforsøket. Fellingsforsøket skal organiserast og leiast av fellingsleiarar Arne Sangolt og Terje Mala. Dersom andre jegerar skal involverast er fellingsleiar ansvarleg for å utnemne desse. Alle i fellingslaget skal vere kjente med innhaldet i dette brevet og dei generelle reglane i rovviltskrifta og i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.
4. Fellingsforsøk og felling kan skje uavhengig av grunneigar sin einerett til jakt og fangst, jf. viltlova § 35.
5. Ved fellingsforsøk skal det nyttast våpen og ammunisjon godkjent for storviltjakt, jf. forskrift om utøving av jakt, felling og fangst §§ 15 og 16.
6. Deltakarar i fellingslaget skal ved bruk av rifle ha avlagt skyteprøve seinast i 2015 og vere registrerte som lisensjegerar.
7. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Fylkesmannen (900 93 615/938 90 055) og Statens naturopsyn (480 94 364). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for Statens naturopsyn for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale. Skyttar skal kunne påvise fellingsstad eller skotplass etter oppmoding frå Statens naturopsyn, Fylkesmannen eller politiet, jf. rovviltskrifta § 16.
8. Felt jerv i medhald av dette løyvet er viltfondet sin eide. Ingen kan på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller delar av dyret utan samtykke frå Miljødirektoratet. Felt dyr skal så raskt som mogleg fraktast til Norsk institutt for naturforskning i Trondheim.
9. Dersom jerv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvisse seg om dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar straks melde frå til Fylkesmannen, Statens naturopsyn og nærmeste politimynde. Fylkesmannen avgjør vidare gjennomføring og avslutting av fellingsforsøk.
10. Fylkesmannen kan til ein kvar tid endre eitt eller fleire av vilkåra, eller trekke tilbake løyvet.

### **Økonomisk godtgjersle for fellingsforsøket**

Fylkesmannen legger til grunn at fellingsforsøket blir gjennomført på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Det er sett av ei økonomisk ramme på totalt 30 000 kroner til kompensasjon for jegerar som deltek i fellingsforsøket og dokumenterte utgifter til dette, jf. §§ 9 og 9 a. Kompensasjon for dokumenterte utgifter kan ikkje overstige 10 000 kroner og døgnsummen for deltakarar er maksimalt 1400 kroner per døgn per deltakar.

Utbetalinga skal skje på grunnlag av vilkåra i kommentarane til rovviltskrifta, rapport frå fellingsleiar om skadefellingsforsøket og den tid som er nytta. Det regionale fellingslaget for rovvilt i Hordaland pliktar å sende skadefellingslogg til Fylkesmannen så snart som mogleg etter at fellingsforsøket er avslutta. Norges Jeger og Fiskeförbund Hordaland (NJFF)

Hordaland) pliktar å sørge for at deltakarar i fellingslaget fører timelister og oversikt over kjørte kilometer mm. NJFF Hordaland søker Fylkesmannen i Hordaland om kompensasjon etter vilkåra som nemnt over.

Vi legger til grunn at regionale fellingslag er omfatta av kompensasjonsordninga på lik linje med kommunalt oppnemnte lag, jf. kommentarane til rovviltforskrifta § 9a.

### **Klagerett**

Alle med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker får ein er gjort kjent med det, jf. forvaltingslova §§ 28. Klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### **Mottakarar**

Hordaland Sau og Geit

Regionalt fellingslag for Rovvilt i Hordaland

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Rogaland

Fylkesmannen i Telemark

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder

Rovviltnemnda i region 1 v/Aleksander Heen

Telemark Sau og Geit

Rogaland Sau og Geit

SNO Rosendal

SNO Bergen

SNO rovviltsesjonen Sogn og Fjordane og Hordaland

Odda kommune

Ullensvang herad

Tilsynsutvalet i Hordaland

Hardangervidda fjelloppsyn

Mattilsynet

Norges jeger og fiskeforbund - Hordaland

Miljødirektoratet

Naturvernforbundet Hordaland